

Fin, flott og fantastisk

Larven Lars les i boka si om sommarfuglar.
Martin Marihøne bakar blåbærmuffins.
«Når er det du blir sommarfugl?» spør Martin.
«Sikkert snart», seier Lars.
Martin smiler.
«Eg gler meg til vi to kan fly saman», seier han.
Lars sprett opp frå stolen og klappar i hendene.
«Og eg gler meg til eg blir FIN, FLOTT OG FANTASTISK!»
seier Lars.
«Det er du allereie», seier Martin.
Lars ristar på hovudet.
«Ikkje før eg blir sommarfugl.»


Lars les vidare.
«Kanskje det er noko eg må gjere
for å bli sommarfugl?» seier Lars.
Han blar ivrig i boka.
«Larven i denne boka et veldig mange ting.»

Lars skundar seg bort til blåbærmuffinsane
og et opp alle saman.
Han et alt han finn i skuffer og skap,
og endå litt til.
Så knip Lars auga att og ventar.

Men det som skjer, er at han bæsjar ut alt saman.
«Det er ikkje dette som skal skje!» ropar Lars.
Han dyttar all bæsjen ut døra.
Martin hjelper til.

Ute legg dei seg i graset og kikkar opp på himmelen.
«Kanskje du må spørje nokon som kan dette?» seier Martin.
Han peikar på ein sommarfugl som flyg høgt over dei.
«God ide!» seier Lars og sprett opp.

Så spring dei etter sommarfuglen heilt til han landar.



«Hei, sommarfugl!» seier Lars.

«Hallo, makk», seier sommarfuglen.

Lars ser seg rundt etter makken sommarfuglen snakkar til.

«Lars er ein larve», seier Martin.

Sommarfuglen ler stygt og peikar på Lars.

«Det der er ingen larve. Det er ein MAKK!» seier han og flyg vekk.

Lars kikkar trist bort på Martin.

«Blir makkar til flotte sommarfuglar?» kviskrar Lars.

Martin ristar på hovudet.

«Då kan vi aldri fly saman», seier Lars.

Martin tenkjer seg om.

Så tek han eit godt tak rundt Lars og flyg oppover.

Dei flyg så høgt at dei kan sjå heile vegen heim.

«Sjå!» ropar Lars.

«Det veks fine, flotte og fantastiske blåbærplanter ut frå bæsjen min!»

Martin og Lars smiler til kvarandre.

«Sommarfuglar var ikkje så flotte som eg trudde», seier Lars.

«Nei, du er flottare», seier Martin.

Så flyg dei heim.

